

VOLLEYBALLGRUPPA

Styre 1996:

Leiar: Ann Kristin Borge (val)
 Nestleiar: Sigrun Reigstad (val).
 Skrivar: Ragnhild Tufta
 Kasserar: Monica Eikeland
 Styremed.: Kari Grinde (val)

Oppmann: Nina Skjerping
 Valnemd: Trude Jacobsen

Antal medlemmar: 9

I 1996 har me hatt 3 styremøter og 3 spelarmøter.

Antal styresaker: 11

ANLEGGSSITUASJON:

Volleyballgruppa har i sesongen 1995-96, trena tirsdag og onsdag i Åstveithallen.

Samarbeidet med Nyborg v.b.k. held fram også dette året. Denne hausten har me fått treningstider tirsdag og fredag - tilsaman 3 timar. Heimekampane våre må me framleis spela i ulike hallar i Bergensområdet.

ØKONOMI:

For å styrkja økonomien har volleyballgruppa hatt eitt boklotteri. Dette med godt resultat. Me har også dreve kalendarsalg for Hordaland volleyballkrets, men fortienesta på dette salget vart ikkje stort.

Alle spelarane har også delteke i dugnadsarbeid. Arbeidet har bestått i å vaske ned kontor og leilighetslokaler, og desse tiltaka har vore vellukka.

Med dette meiner me at økonomien er tilfredsstillande for den komande sesong, men laget vil halda fram med dei same tiltaka som før for å halde økonomien ved like.

SPORTSLEGE PRESTASJONAR:

Laget som spelar i 2.div., kom på 4.plass i serien då sesongen blei avslutta i mars. Det resultatet er me nøgde med. Laget deltok ikkje i Norgescupen.

Me slit framleis med rekruttering, og spelargruppa var på 8 stk. i fjorårssesongen. Det er få endringar i spelargruppa for sesongen me no har begynt på.

Laget kunne ikkje stille i åpningsturneringa grunna lite folk. Samarbeidet med Pål Hegre, som har trena laget gjennom fleire sesongar, tok slutt i vår. Bjørn Harald Hansen har overteke trenarfunksjonen. Han har erfaring frå eliteseriespel og tidlegare trenararbeid, så me trur at han kan tilføre laget mykje positivt. Denne sesongen vil me møte mange lag som me reknar som jamngode med oss sjølv. Difor er det absolutt mogeleg å oppnå eit resultat blandt dei tre beste laga denne sesongen.

Så langt har laget spelt ein kamp. Der blei det tap, men kampen var jamnspelt, og spelarane syntes at det var kjekt å kome igang med serien.

Det har vore vanskeleg for oss å leggja langsiktelege planar. Dette fordi gruppa er så lita - vi er heilt avhengige av kvarandre for å eksistera. Me håper at volleyballmiljøet på Osterøy vil kunna stå sterkare når idrettshallen står ferdig.